



Årsmelding 2022/23

Hjelmeland bygdekvinneLag

Hjelmeland

Styret har vore: Liv Inger Mæland (leiar), Janneke Wijgergangs (kasserar), Margrete Tytlandsvik (sekretær), Kirsten Langvik og Kirsti Flatø.

Varamedlemmer: Bente Riskedal og Brit Sæbø.

Revisorar: Marit Laugaland og Ragnhild Kvame.

Valnemnd: Aslaug Kleppa, Grethe Gauthun Olsen og Karina Halsne.

Laget har 69 medlemmer.

Me har hatt 3 styremøte.

Laget har deltatt i prosjektet «**Bygdekvinner nyt(ter) maten**», saman med 6 andre lokallag i fylket. Det er finansiert med midlar frå Gjensidigestiftelsen. Rogaland bygdekvinneLag har administrert prosjektet med å sende felles søknad, koordinert alt og ført rekneskapen. Me har hatt to samlingar og den tredje kjem 01.11.23:

22.02.23. Tradisjonsmat frå andre kulturar og 04.06.23. Ville vekster, familiedag på Fossane m/Anne Lise Gjesdal.

Begge arrangementa hadde god oppslutnad og var vellukka.

Bygdekvinner lagar havregraut kvar onsdag morgen på Hjelmeland ungdomsskule. Svært populært tiltak blant ungdommane.

Me har eit fadderbarn via Misjonsalliansen.

Laget var representert på Årsmøtet til Rogaland bygdekvinneLag på Bryne 24./25.03.23 med ein deltakarar.

Aktivitetar:

20.10.22. Årsmøte. Kvinner frå Ukraina, nå busette i Hjelmeland, laga matrettar frå heimlandet deira. Nadja, som var tolk, fortalde om sin oppvekst og kultur. Både medlemmer og ikkje-medlemmer møte, 30 kvinner.

09.11.22. Fellesmøte med Sogelaget. Tormod Skeie og Bente Thurmann-Nielsen kåserte.

14.12.22. Julemøte i Vormedalen. Fullt hus! Fantastisk morsomt program og mat.

18.01.23. Folkehelsedag på Årdal skule. BygdekvinneLaget laga middag, steikt laks.

09.02.23. Årsmøte Hjelmeland turlag. BygdekvinneLaget laga havregraut.

15.02.23. Årsmøte Frivilligsentralen. To bygdekvinner laga kveldsmat.

23.02, 02.03, 20.03.23 Bakekurs: potetkaker, krotakaker, flatbrød og syrekaker v/Aud Torunn Eide.

29.03.23. Påskemøte. Liv Vadla Hausken laga påskedekorasjonar som vart lodda ut. Populært arrangement, mange ikkje-medlemmer møte også.

31.05.23. Folkehelsedag på Hjelmeland ungdomsskule. BygdekvinneLaget laga laksemiddag.

24.06.23. Båttur til Røvær med Frivilligsentralen. Fullteikna.

02./03.09.23 Ryfest BygdekvinneLaget selde vaflar, god forteneeste.

09.09.23. Busstur til Suldal saman med Sogelaget. AVLYST grunna dårleg påmelding.

24.09.23. Hausttakkefest i Hjelmeland kyrkje. Bygdekvinnelaget pynta. Offeret gjekk til Rogalandsgarden i Kamerun.

03.10.23. Naturleg-om det gamle matstellet på Suldal kulturhus, arr. lokallaga i Suldal
AVLYST grunna sjukdom. Sett opp på ny 14. nov. Hjelmeland bygdekvinnelag er spesielt invitert som sonemøtedeltakar.

Bygdekvinner på Fister har deltatt på fleire bygdadagar med matlaging og servering. Inntekt til skulejenter i Kamerun.

17.10.23

Margrete Tytlandsvik
sekretær